



Referat frå styremøte 28.09.23

Tilstades: Mari, Anne Grete, Gudrun, Ingrid Marie, Geir (IBL) og Borgny.

Meldt forfall: Margaret, og Ina (OBU)

Sak 20/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

Sak 21/23 Runden rundt i Oppland.

Mykje god aktivitet rundt i laga.

Planer under Bygdeløftet, Anders Norstad har vore, og skal på besøk.

Nye medlemmar, blåtur og servering av Lesja taco.

«veiddrock», servering av lammekjøtt frå Nortura, besøk hjå Gudrun Ramstad, Pilgrimsleden, åynting av kyrkjer til hausttakk og mykje meire.

I Innlandet Bondelag er det mykje jobbing med erstatningsordningar etter ein blaut sommar, og «Hans» på besøk.

Mange bønder som slit no! Både økonomisk, og med helsa etter ein tøff sommar med mykje usikkerheit.

Fleire lokallag ynskjer eit skriv dei kan sende ut til kommunestyra som no startar opp og Borgny tek kontakt med Bondelaget og Lars Opsahl jr. i Jordvernalliansen og får innspel på kva som bør stå i brevet.

Medlemslistane til Norges Bygdekvinnelag blir «vaska» anna kvart år. Slik at medlemmar kan stå der i to år utan å betale. Mia på kontoret kunne fortelje at mange betalar da for to år når dei fyrst betalar.

Det er gratis ut året frå 20. August i Bygdekvinnelaget. Etter den datoen betalar ein for neste år. Borgny lagar nokre delebilder på det som kan deles i SoMe.



Oppland

Sak 22/23 Årsmøte 2024 16.-17. Mars

Pristilbud frå Honne.

Overnatting 895,-

Lunsj/middag/møterom/kaffe 795,

Lunsj/pause/møterom 655,-

Wraps ved ankomst til styret og møteleder 115,-

Borgny sender forespørsel til Øyer og, for å få pris.

Sak 23/23 Regionmøter 2023

Vore i kontakt med Sillongen og Toftemo.

Vi satsar på 28. og 29. Oktober. Mari blir med på Toten og Ingrid Marie på Toftemo, i hvert fall. Borgny baa stader. Vi legg opp til ein triveleg dag med god tid til å prate laga i mellom og diverse informasjon, mellom anna kreftforeninga.

Sak 24/23 Forbruker aksjon Mjøsa

Borgny sitt i ei gruppe saman med Bjørnhild Kihle og Odd Henning Stuen frå Vassdragsforbundet for Mjøsa.

Vi ynskjer å få til ein forbrukeraksjon, og etter litt diskusjon i styret fortsett vi med jobben.

Sak 25/23 Inspirasjonsseminar i Stavanger 2023

<https://bygdekvinnelaget.no/inspirasjonsseminaret-2023>

Dei som har anledning melder seg på og bestiller seg fly.

Dette blir ei bra helg med mykje påfyll!!

Sak 26/23 Årsmøter rundt i lokallaga

Nokre invitasjonar har kome frå lokallaga, og vi tek kontakt og høyrer om fleire vil ha besøk.



Sak 27/23 Bygdeløftet 2023

<https://www.nbu.no/aksjonsuka/bygdeloftet-aksjonsuka-2023>

<https://bygdekvinnelaget.no/nordre-land-gleder-seg-til-bygdeloftet>

Her er det opp til lokallaga å finne på noko som skapar liv i bygda.

Borgny vil finne på noko aksjonsnatta.

Sak 28/23 Teamsmøte om Framtidsmjølk/klimamjølk

Kva er Tine si Framtidsmjølk, og Q si klimamjølk?

Er det verkeleg gift dei har i kua? Er det verkeleg dårleg dyrevelferd?

Dette og fleire spørsmål ynskjer vi svar på !

Har vore i kontakt med Torunn Kvarme Aurstad som er med i prosjektet, og fått innspel på kven vi kan få med på evt møte.

Etter ein god diskusjon i møtet vart vi enige om at kunnskap og god informasjon er aldri feil, så Borgny tek kontakt med fagfolk og får til eit teamsmøte i oktober.

Sak 29/23 Eventuelt

-Kreftforeninga er på lag med oss, og gjev lokallaga i Innlandet bøsser til neste års innsamling. Som dei einaste i landet! Per Ole Føyn Bjørnstad vil vera med oss på regionmøta og prate om dette.

-Vi «kjører på» med meire heia rop til G35 produksjon i Gudbrandsdalen.

Ref.Borgny